



PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE FOR YTRE SOGN OG -SUNNFJORD

PPT for Ytre Sogn og -Sunnfjord er ei felles teneste for kommunane Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Masfjorden, Solund. Dersom det er trong for det, kan fleire fagpersonar kopløst inn for å gje fullverdig utgreiing og hjelp til barnet/eleven.

PPT har fagkunnskap om allmennpedagogikk og spesialpedagogikk;

- Utfordringar som kan føre til at barn, elevar og vaksne har eller kan få behov for spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.
- Kva for konsekvensar nedsett funksjonsevne og andre utfordringar kan ha for læring og utvikling, og behov for tilrettelegging.

Kva gjer PPT.

- PPT er barnehagen og skulen sin næraste samarbeidspart i spørsmål som gjeld læring og trivsel for barnehagebarn/elevar.
- PPT er sakkunnig instans i dei høve der lova krev det.
- PPT føretak utgreiingar kring fagvanskar eller andre vanskar hos barn og ungdom. Dei gjev råd til barnehage/tilsette, lærarar og føresette om tilhøve som gjeld opplæringa.
- PPT samarbeider nært med skuler/barnehagar, og har pedagogiske drøftingar med rektor/styrrar, rådgjevar, barnehagepersonell og kontaktlærarane på skulen. Dei vitjar og barnehagar/skular.
- PPT arbeider med barn/einskildelevar og med grupper/klassar. Det er viktig å sjå barnet/eleven i samhandling med miljøet.
- Før PPT kan møte barn under 15 år, må det først fyllast ut eit tilvisingsskjema med føresette si underskrift.

Samarbeid med andre.

PPT samarbeider med dei andre hjelpeinstansane i kommunane (helsestasjonen, legane, barnevernet, fysioterapeutane), på fylkesnivå med t.d. Sentralsjukehuset (psykiatrisk poliklinikk og barneavd./barnehabilitering) og på statleg nivå med Stat ped. PP-tenesta kan difor hjelpe deg med å kome i kontakt med desse instansane.

PPT kan til dømes kontaktast i høve:

- generell utvikling hos barnet
- psykisk helse hos barnet
- den sosiale og emosjonelle utviklinga
- språkutviklinga
- åtferdsvanskar
- lærevanskar, lese- og skrivevanskar, matematikkvanskar
- konsentrasjons- og merksemdsproblem

PP-tenesta er gratis teneste, og alle som arbeider i PP-tenesta har teieplikt.

Korleis ta kontakt.

Når føresette ønskjer kontakt med PPT er det vanlegast at dette vert ordna gjennom barnehagen eller skulen. Føresette har og høve til å kontakte PPT direkte ved å nytte telefonnummera nedanfor.

PPT sin kontaktperson ved **Sandnes skule** er

Anne Jorunn Lunde, tlf: 96942363 og Gro Sandnes, tlf: 97426772

Dalstunet 20
6963 Dale i Sunnfjord
Tlf.: 57 73 80 32 / 57 73 80 00

Askvoll ktr.: Rådhuset, Pb.174 6988 Askvoll
Gulen ktr.: Yndesdalsvegen 2719, 5961 Brekke
Høyanger ktr.: Oppvekstkontoret, 6991 Høyanger

Solund ktr.: 6921 Hardbakke
Hyllestad ktr.: 6957 Hyllestad
Masfjorden ktr.: Austfjordv. 2724
5981 Masfjordnes